

HAREID KOMMUNE  
Rådhusplassen 5

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 08/02272-57

10.10.2023

Ark.: 326.12 BS

## Vedtak om skrivemåten av namn på fjelltoppar - Storebroren og Lisjebroren i Ulstein og Hareid

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om namn og skrivemåte for tre fjelltoppar på grensa mellom Ulstein og Hareid kommunar:

- **Storebroren**
- **Midtre Broren**
- **Lisjebroren**

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

### Bakgrunn

Namnesaka vart tatt opp av Ulstein kommune i ein telefonsamtale med Kartverket 9. mars 2023. Peder Arne Almedal opplyste at *Søre Broren* og *Nøre Broren* som er registrert i sentralt stadnamnregister som namn på to toppar på grensa mellom Ulstein og Hareid, ikkje blir nytta lokalt. Til vanleg seier ein *Storebroren* og *Lisjebroren*.

Ulstein kommune ønskte å undersøke kva for utmerkingsord som faktisk blir brukt, i samarbeid med Hareid kommune. Målet er å få fastsett namn som er i samsvar med den lokale bruken.

### Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsette skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 første ledd i lova. Skrivemåten skal vere praktisk og ikkje skygge for meiningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 første ledd.

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ønske frå dei som har uttalerett skal òg spele inn.

### Uttale og skrifttradisjon

Sentralt stadnamnregister (SSR) har *Søre Broren*, *Midtre Broren* og *Nøre Broren*. Formene er frå økonomisk kart frå 1965 og har vore nytta på alle seinare kart. Stadnamninnsamlinga i Fylkeskart frå 1980-talet har dei same formene, men med følgande kommentar til *Søre Broren*: «Helst kalla *Store Broren*».

## Høyring og tilrådingar

Ulstein kommune har ført saka, og mykje av informasjonen i det følgande er henta frå kommunen si uttale til Kartverket, datert 16. juni 2023 (sjå vedlegg).

Namnenemnda i Ulstein drøfta namna på eit møte 15. mars 2023. Dei valde å tilrå *Storebroren*, *Myllåbroren* og *Lisjebroren* som eineformer på kart.

Språkrådet gav ei førebels tilråding 3. april 2023, der dei tilrådde skrivemåtane *Storebroren*, *Mellombroren* og *Lisjebroren*. Dei skriv at *Lisje* må reknast som ei regional samleform på ytre Søre Sunnmøre.

Hareid kommune skriv i brev 26. mai 2023 at den vestre toppen bør heite *Storebroren* sidan dette namnet er i vanleg bruk. Fjelltoppen i midten bør heite *Midtbroren*, ev. *Midtibroren* eller *Mellombroren*. Ulstein kommune sitt forslag *Myllåbroren* er ukjent i Hareid. Den austre toppen bør heite *Lisjebroren*. Det er viktig å bruke *Lisje-* og ikkje *Litle-*.

Ulstein kommune summerer opp saka i sin uttale. Dei skriv mellom anna: «Hovudgrunnen til god namnsetjing av fjellpartia våre, er at det skal vere eintydig og dermed lettare å manøvrere seg fram i ein beredskapssituasjon». Det er Kartverket som fastset namn på naturformasjonar, men her har kommunen valt å vere i forkant for å gje råd om kva som skal stå i kartet.

Alle innspel er klare på at fjelltoppen lengst vest bør få namnet *Storebroren* og at toppen lengst aust bør namnet *Lisjebroren* på kart. For den midtre toppen er innspela meir sprikande. Forslaga som har vore nemnde er *Mellomste broren*, *Myllåbroren*, *Myllobroren*, *Mellombroren*, *Midtibroren*, *Midtbroren*. Ettersom det ikkje er noko alternativ som peikar seg ut, rår administrasjonen til at dagens namn blir ståande uendra. Dette er *Midtre Broren*.

Teknisk utval i Ulstein kommune tilrår i brev datert 18. juli 2023 at *Storebroren*, *Midtre Broren* og *Lisjebroren* blir registrerte som eineformer i kart (sjå vedlegg).

## Endeleg tilråding frå Språkrådet


Språkrådet gav endeleg tilråding i brev datert 22. september 2023 (sjå vedlegg). Dei viser til den førebels tilrådinga for *Storebroren* og *Lisjebroren*. Sidan desse namneformene har støtte i begge kommunane, held dei fast på tilrådinga si.

Dei peiker òg på at det har kome sprikande opplysningar om kva som er rett namn på den tredje fjelltoppen, og stør Ulstein kommune sitt forslag om halde fast på skrivemåten *Midtre Broren*, som er registrert i SSR frå før.

## Kartverket si vurdering

Det er den lokale bruken som avgjer kva som er rett namn på ein stad. I denne saka er alle partar einige om at toppane lengst vest og lengst aust heiter *Storebroren* og *Lisjebroren*. Språkrådet tilrår desse skrivemåtane. Kartverket vedtek namna og skrivemåtane **Storebroren** og **Lisjebroren**, i samsvar med lokal bruk og Språkrådet si tilråding.

Det er meir usemje om kva namn som er nytta om toppen i midten. Ulstein kommune og Språkrådet tilrår derfor dagens namn blir ståande uendra. Kartverket meiner ein kan sjå *Midtre Broren* som ei standardform som kan dekke over ein viss lokal variasjon, og vedtar **Midtre Broren** i samsvar med tilrådingane.



Toppene med dei vedtekne formene *Storebroren* og *Lisjebroren* i feit stil. *Midtre Broren* er uendra.

## Kunngjering

Kommunen skal sørge for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 første ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Vi ber òg om at kommunen om informerer innbyggjarane, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

## Bruken av vedtekne skrivemåtar

Vi vil minne om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seie organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane.

## Klage

Dei som etter § 6 bokstav a til c i lova har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn, kan etter § 12 klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort første gongen. Det er høve til å søke om utsett iverksetting av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtale alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Med venleg helsing

Bjørge Stavik  
fylkeskartsjef

Berit Sandnes  
stadnamnansvarleg

Dokumentet blir sendt utan underskrift, i samsvar med interne rutinar.

Lenker: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)

Vedlegg: Førebels og endeleg tilråding frå Språkrådet  
Saksutgreiing frå Ulstein kommune  
Tilråding frå Teknisk utval i Ulstein kommune

Mottaker: ULSTEIN KOMMUNE  
HAREID KOMMUNE

Kopi SPRÅKRÅDET  
Anita Sundnes, ULSTEIN KOMMUNE